

Allskog Bjørkedal Skogeigarlag  
Nørdalsvegen 334  
6120 Folkestad

Klima- og miljødepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo  
[postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no)

Dykkar ref. 19/4242

Dato 30.04.20

### **Uttale til «Høring av elfenbenslav som prioritert art med økologisk funksjonsområde og olivinskog og åpen grunnlendt kalkmark som utvalgt naturtype»**

Vi syner til udatert høyringsbrev frå Klima- og miljødepartementet som ligg ute på regjeringen.no.

Allskog Bjørkedal Skogeigarlag har merknader til forslag om olivinskog som utvald naturtype, og då spesielt for bygda Bjørkedalen i Volda kommune.

Vi vil fyrst peike på at vi finn det svært underleg at vi som grunneigarar ikkje har vorte informerte frå det offentlege om denne høyringa. Så vidt vi forstår har heller ikkje Volda kommune fått informasjon frå departementet. Dette er ikkje haldbart, då store delar av bygda vår ligg på olivingrunn og eit vedtak om utvald naturtype kan få store konsekvensar her.

#### **Konklusjon**

**Allskog Bjørkedal skogeigarlag er sterkt imot bruk av utvalgt naturtype som vernemetode for olivinskog. Bjørkedalen ligg for ein stor del på olivingrunn og tradisjonell bruk av areala er avgjerande for framtidig busetting og landbruksdrift og heilt sentralt om ein vil ta vare på dei rike båtbyggjartradisjonane i området. Etter vårt skjøn har grunnlagsmaterialet for denne saka så store feil og manglar at det ikkje kan vere grunnlag for å gripe inn i ei heil bygd sin råderett og tradisjonelle bruk av skogressursane. Grunnlagsmaterialet er for ein stor del dokumentasjon av artar med ukritisk konklusjon om at vern er positivt og skogbruk er ein trussel. Etter vår vurdering vil skogane med det mangfaldet som er her, kunne drivast på ein berekraftig og god måte etter dei gjeldande standardar og bruk av Miljø i skog registreringar (MIS). Så vil sjølv sagt MIS-områda kunne optimaliserast om det vet gjeve økonomisk støtte til det.**

#### **Bakgrunn**

Skogen her har i mange hundre år vore ein svært viktig del av næringsgrunnlaget for gardane og folket i bygda. Her har vore gardssager allereie frå 1500-talet. Bjørkedalen har levert båtar og materialar til store delar av Sunnmøre gjennom generasjonar. Departementet hevdar at skogstypen

er trua, det er ikkje tilfelle her. Bjørkedølene har alltid hatt omsorg for skogen sin, sjølv om han til dømes på 1700- og 1800- talet har vore temmeleg hardt driven. Ein kan seie at det skogbildet og artsmangfaldet vi ser i dag er eit resultat av drifta som har vore gjennom fleire hundre år.

Bygda vår er kjend for båtbyggjartradisjonane og her er framleis eit levande båtbyggjarmiljø. Siste storbygget herifrå er det 30 meter lange Myklebustskipet på Nordfjordeid, som vart sjøsett i fjor vår. Vidare er her bygd kopiar av Gokstadskipet, Osebergskipet, fleire knarrar, Sunnmørsjekta og eit utal andre trebåtar. Vi kjenner til at det vert arbeidd for at klinkbåtbygging skal kome på Unesco si verdsarvliste. Om denne handverkstradisjonen skal halde fram her, er skogressursen avgjerande. Ingen skog – ingen båtar.

Sjølve høyringa er etter vårt syn noko uklar. Det må vere lov å stille spørsmål om kvaliteten på bakgrunns materialet som ligg ved. Departementet ber i utkastet om endringsforskrift om at olivinskog skal verte utvald naturtype etter naturmangfaldslova. Vi går ut ifrå at dette er sjølve essensen i høyringa. Samstundes vert det sagt i vedlegg 4, punkt 2.4 at Miljødirektoratet tilrår at «sikring av areal gjennomføres ved områdevern av de viktigste områdene og utvalgt naturtype for øvrige lokaliteter». Det er ikkje gjort greie for kva område det her er snakk om. Også i dei oppsette tiltakspakkane i vedlegg 9 inngår vern som verkemiddel. Men det er då ikkje det KMD ber Stortinget om i sitt utkast til forskriftsendring?

Her er fleire uklare punkt. Vedlegg 4, punkt 2.3 seier at» Olivinskog har et sterkt tyngdepunkt på Sunnmøre-Nordfjord, og desse områdene er godt undersøkt». I tabellen som syner fylkesvise lokalitetar og areal er ikkje Sogn og Fjordane (no del av Vestland) med i det heile. Kvifor? Kan vi stole på at KMD har oversikt over areala, og er det rett å karakterisere denne skogtypen som sterkt trua?

Fleire stader vert redusert beiting nemnt som eit problem. Til det vil vi seie at beiting ikkje har vore nokon hovudaktivitet i desse olivinområda i vår bygd, då har fjellbeitet vore viktigare. I skogane er det skogsdrifta som har vore hovudaktiviteten. Vi har fleire gongar påpeika dette då det har stått i rapportar om skogane her, men det ser ikkje ut til at informasjonen når fram. I dag er her meir hjort enn nokon gong, så her vert i alle fall beitt.

Vi synest ikkje at KMD legg fram noka god grunngjeving for at olivinskog skal verte utvald naturtype. Det vert peika på at mineraldrift er ein trussel. I Bjørkedalen har ikkje vore olivindrif og her er ingen konkrete planar om oppstart av slik verksemd. Derimot kan bjørkedølene vise til å ha brukt og teke vare på skogen i hundrevis av år. Vegar vert og nemnt som ein trussel. Her er allereie investert mykje i eit ganske omfattande vegnett, så det er stort sett på plass. Dette for å kunne hauste av ein fornybar ressurs og utføre skjøtsel.

Som skogeigarar er det utifrå høyringspapira uråd å vite kva praktiske og økonomiske konsekvensar det vil få for oss om skogen får status som utvald naturtype. Det einaste vi veit er at hogst og andre tiltak i skogen vil verte meldepliktige. Vi veit ikkje i kva grad vi får lov til å drive skogen. Er det ein klar definisjon på kva som er olivinskog? Her er randsoner mellom olivingrunn og andre bergarter. Kvar går grensa mellom såkalla olivinskog og annan skog? Her er ei rekkje spørsmål som må avklarast.

Bjørkedal Skogeigarlag ser ikkje at vår aktivitet i skogen er nokon trussel – ikkje for skogen og ikkje for artane som lever der. Nokre arter vil nok ha nytte av menneskeleg aktivitet. Eventuelle skjøtselstiltak og tilskot til slike, kan eventuelt avtalast med den enkelte skogeigar.

Allskog Bjørkedal Skogeigarlag

Anders Bjørkedal

leiar

## Høring av ny prioritert art og to utvalgte naturtyper, Ref. 19/4242

Viser til høringsuttale frå Allskog Bjørkedal skogeigarlag, datert 30.04.20, vedrørande olivinskog som utvald naturtype

Bjørkedal grendalag støttar høringsuttalelsen.

Med helsing

*Ingvild A. Løset*

Ingvild Anna Løset  
Leiar  
Bjørkedal grendalag